



NSG
Norsk Sau og Geit

Referat

Årsmøte "Sogn og Fjordane Sau og Geit"

Tidspunkt: 17. - 18. Februar 2012

Stad: Skei Hotell, Jølster

Tal møtte med røystrett: 37 deltakarar

Representantar frå lokallag : 28 Lokallag representert med stemmerett 31 Røysteføre

Representantar frå styret : 5 + møteleiar

Innleiarar: 5

Fredag 17. Mars Fagleg del

Tema:

- Alveld, Helene Wisløff
- Organisert beitebruk, Helen Haaland

Aktuelle nyheter frå :

- Nortura
- Tine
- Felleskjøpet

Nytt av året er at utdrag av alle desse føredraga ligg på nettsidene til:
Sogn og Fjordane Sau og Geit

Lørdag 18. Mars Årsmøte del

Leiar Halvar Espeseth ønskte møtelyden, gjester, føredragshaldarar velkomne.

Som innledning til årsmøtet orienterte Halvar litt om året som har gått, styresamansetning.

Dyretrededier med påkjørsle av geit i Kjøsnesfjorden. Fadderordningar i sauehaldet.

Oppmodar alle lokallag til å ta ansvar for å få avhalde årsmøte som ein etter vedtektene skal halde innan 1.Februar, der skal også være valgte utsendingar til Fylkesårsmøte. Vert

representantar frå valnemnda sende som representarar for lokallaga, eller utsendingar som

berre er oppnemnde av styremøter skal desse godkjennast av årsmøte i fylkeslaget. Dette må

takast stilling til før ein startar årsmøtet. Vidare nemnde Halvar byggplanleggingsprosjektet

av sauefjøs gjennom FMLA og Norsk landbruksrådgeving. Radiobjøller, der Fylkesmannen

ynskjer ikkje å sitte med fordelinga for desse. Ein ser for seg å plassere desse ut på

besetningar for å få prøvd desse meir ut.

Saksliste:

Tal røysteføre: 31 godkjente frå lokallaga og 5 frå styre og møteleiar. **Totalt 37**

Sak 1. Val av møteleiar. Ingolf Folven (valgt av årsmøtet i 2011)

Sak 2. Val av 2 til å skrive under møteboka. Erling Offerdal og Marianne Kvamme

Sak 3. Godkjenning av innkalling og sakliste: Godkjent

Sak 4. Årsmelding 2011 (Viktigaste sakene her)

- Arbeid i styret
- Leiarsamling i Loen i samband med Agro Nordvest
- Viktige hendingar i 2011. Fjelldag i Flora 3.juli, Fjelldag i Lærdal 30.juli, Avlsmøte på geit 30.august, Fylkesmesterskap i gjeterhund 1.okt i Strynedalen, Agro Nordvest 4.-5 nov i Loen.
- Rovdyr 2011
- Representasjoner 2011

Årsmeldingar frå undergruppene

Tal frå Geitekontrollen, Geitekåring, Samuel Førde`s minnepokal.

Mattilsynet sitt arbeid med fokus på tap.

Avlsutvalet for sau i Sogn og Fjordane. (Audun Nedrebø syns det er leit at ein i enkelte lag har gjort vedtak om ta med eigne grindar på kåringsgå i tillegg til å måtte betale. Dette kan gå utover deltakinga) .Vi må også ha fokus på smittebekjemping.

Kåringsstatistikkar, Fylkesmannen og SNO om tap på utmarksbeite

Årsmelding frå gjetarhund, Geit i vekst.

Referat frå årsmøtet i 2011.

Kommentarar til årsmeldinga:

Erling Offerdal saknar eiga innleiing frå leiar i årsmeldinga, sakna også invitasjon til lokallaga vedrørende samling nye bønder. Halvar beklaga det, og sa det kunne vore med ei innleiing. Det vart vidare presisert frå Halvar Espeseth at nye bønder samlinga var eit samarbeidsforetak av Sogn og Fjordane sau og geit, Tine, Felleskjøpet, Nortura og Fylkesmannen. Dette vart annonsert via nettsidene til blant anna Fylkesmannen og annonser.

Vidar Sandal saknar litt meir statistikk på blant anna dyretalsstatistikkar.

Noralf Høydal ynskjer også oversikt over dei som har napp i vandrepokalar, etc.

Halvar takka Jonny Lofnes og Lars Nesse for å ha gjort ein kjempegod jobb med å få lagt ut årsmeldinga på nettsidene. Det vart kommentert at tal styremøter i årsmeldinga ikkje er i samsvar med antal avhaldne møter i arbeidsåret. Dette ber vi styret om å få til ein lik praksis på for ettertida.

Årsmeldinga er ellers utfyllande og god. Årsmeldinga vart godkjent med dei merknadene som er komne

Sak 5 Rekneskap 2011

Årsoverskot kr 19 289.-

Saldo 31/12 – 2011 kr 372 284

Rekneskap er revidert og samrøystes godkjend.

Sak 6. Godtgjersle til leiar, skrivar og møtegodtgjersle for 2012

Desse satsane vart vedtekne:

Godtgjersle til leiar	kr 11000.-	uendra
Godtgjersle til sekretær, uendra	kr 4000.-	uendra
Møtegodtgjersle pr møte uendra	kr 1000.- pr møte	uendra
Telefon til leiar, uendra	kr 3000.-	uendra
Telefongodtgjersle til sekretær	kr 1500.-	uendra
Køregodtgjersle	(Etter statens regulativ)	Ny
Passasjergodtgjersle	(Etter statens regulativ)	Ny

Sak 7. Arbeidsplan Sogn og Fjordane Sau og Geit 2012

Februar

- Årsmøte
- Konstituerande styremøte

April

- Styremøte

Juni

- Styremøte

Juli / August

- Fjelldag med fagtema
- Geitedagane for heile landet

August / September

- Styremøte
- Kurs i kadaversøk med hund

Okt/Nov

- Agro Nordvest
- Leiarsamling
- Styremøte
- Geitehelg

Desember

- Styremøte

Januar

- Styremøte
- Småfesamling

Andre saker Styret bør jobbe med:

Etablere ei geitegruppe som spissar tema geit.

Styret stiller seg til disposisjon for lokallaga, og skal jobbe for et godt samarbeid også lokallaga i mellom.

Andre ting ein bør jobbe med:

- Radiobjøller
- Rekruttering
- Tap, Alveld, etc
- Kontaktmøte rov viltutvalet
- Beiteprosjekt
- Byggprosjekt

Kommunikasjon opp i mot medlemmer og andre utanfor næringa. Etter at nettsidene kom, har ein lagt ut 2 infoskriv og melding til leiarane.

Arbeidsplana vart samrøystes godkjent med dei innspela som er innkomne.

Sak 8. Budsjett 2012

Eit totalbudsjett: Inntekter på kr 469 000.- og Utgifter kr 377 000,-

Renteinntekter kr 8 000,-

Budsjettet for 2012 vart godkjent.

Sak 9. Val.

Tillitsvalde i Sogn og Fjordane Sau og Geit for 2012

Styre for 2012

Håvard Øyrehagen (Ny leiar) (Halvar Espeseth 16 røyster, Håvard Øyrehagen 21 røyster)

Eva Høydal (nestleiar) Attval (Eva Høydal 21 røyster, Kjell Olav Kusslid 15 røyster, 1 blank)

Lars Nesse (rovvilt)

Lene Engvik Rasch (sekretær)

Rune Myklebust (Ny styremedlem) (Valgt 34 røyster mot 3 blanke røyster)

Ny nestleiar i styret: Eva Høydal valgt (31 mot 6 røyster)

Varafolk

Mirjam Friberg (1.vara)

Kjell Olav Kusslid (2.vara)

Gry Ingvill Agjeld (3.vara)

Revisorar

Magnar Juklestad

Magnar Juklestad attval 1 år

Inge Erikstad

Inge Erikstad attval 1 år

Vararevisor: Ove Årdal og Jon Helge Sandal

Møteleiar for 2013: Ingolf Følven, Oppstryn
Vara møteleiar Johan Berge, Oppstryn

Valnemd for 2013

Margaret Skåre (Leiar)
Lise Elvagjeng
Dag Arne Helle Ny

Vara til valnemnda:

Linda Alsaker
Sigurd Vikesland

Halvar Espeseth runda av årsmøtet og takka for godt gjennomført årsmøte. Ynskte Håvard Øyrehagen til lukke med leiarvervet.

Halvar takka av :
Leif Brekken som sat i styret i perioden 2003 –2010.
Eli Berge Ness som sat i styret i perioden 2006 – 2011.

Halvar takka Jonny Lofnes for god innsats med nettsidene i året som har gått, og styret som han har leia siste året. Lars, Lena, Eva og Mirjam.

Lars Nesse takka Halvar Espeseth for innsatsen han har gjort som leiar sidan 2002.

Ragnhild Sæle takka for seg som kasserar etter 25 år.

Håvard Øyrehagen takka for tilliten og ynskte alle vel heim.
Rune Myklebust takka også for tilliten og poengterte at sist han sat i Fylkesstyret var det med faren til Håvard. (Jens Øyrehagen)

Referent

Sign

Sign

Johannes Nedrebø

Erling Offerdal

Marianne Kvamme